

Tysdag 8. april er dagen for innsamlinga til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Denne kvelden vil konfirmantane i dei ulike sokna i Kvinnherad kommune gå rundt med bøsser og samle inn pengar for å hjelpe fattige til ei betre framtid. I år er det også ei konfirmantgruppe på Ænes som vi gå på besøk i sitt område.

- Når ein katastrofe rammar, jobbar Kirkens Nødhjelp for å gje flest mogleg ein sjanse til å overleve. Men behovet for naudhjelp og vern er stort i lang tid framover. Det ser vi både i flyktningeleirane på grensa til Syria og i gjenoppbygginga på Filippinene. Vår støtte gjev Kirkens Nødhjelp høve til å handle raskt og gjere ein best mogleg jobb. Difor vonar vi at folk tek godt imot konfirmantane og har pengane klare når dei kjem med bøsse.

Kirkens Nødhjelp driv både langsiktige prosjekt for ei betre framtid, og akutt naudhjelp for å berge liv og hjelpe folk som vert råka av katastrofer. Konfirmantane kjem i kveldinga med **plomberte bøsser som er tydeleg merka med Kirkens Nødhjelp** og har **ID-merke** med namnet sitt på og nummer som samsvarar med nummeret på bøssa. Slik kan gjevarar sjå at dei har fullmakt til å samle inn til Kirkens Nødhjelp.

Det har diverre hendt at nokon ukjende innsamlarar har gått rundt og samla inn pengar tidlegare på same dagen som konfirmantane gjekk. **Så vær obs! på at bøsse er tydeleg merka med Kirkens Nødhjelp.**

Ta godt imot bøsseberarane frå Kirkens Nødhjelp!

**Helsing sokneprestane Sven Harald Nilsen,
Terje Nag og Jan Ove Totland**